

**Utval:** **Ungdommens fylkesutval**  
**Møtestad:** Fylkesutvalssalen 3. etg., Fylkeshuset  
**Dato:** 21.05.2014  
**Tidspunkt:** 16:00-20:00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Agnes H. Bernes	Leiar	
Vegard Kleppe	Medlem	
Benedicte Hellestveit	Medlem	
Hedda Emilie Hidle	Medlem	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Gard Johanson	Nestleiar	
Cecilie Engen Fredheim	Medlem	
Lars Helle Fauske	Medlem	

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer

**Merknader**

**Vegard Rivenes frå LingClim møtte for å halde ein orientering om Klima og språk.**

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, administrasjonsseksjonen
Karen Louise Nybø	Seniorrådgjevar, Klima- og naturressursseksjonen

**Sakliste**

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 35/14	Godkjenning av innkalling		
PS 36/14	Godkjenning av sakliste		
PS 37/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 38/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 19/14	Ungdommens planprogram - framdrift per 30.04.14	2014/560	
RS 20/14	Oversikt økonomi, per 130514	2014/560	
RS 21/14	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr mai	2014/1527	
RS 22/14	Oppdatert kontaktinformasjon til ungdomsråda	2014/560	
RS 23/14	Justering av tilbodstruktur 2014/15 etter prognoseinntaket	2014/560	
RS 24/14	Uttale til Kollektivstrategien - frå Ungdommens fylkesutval	2014/560	

RS 25/14	Endeleg uttale til rullering av Klimaplanen frå Ungdommens fylkesutval	2014/560
RS 26/14	Ungdom ut i Europa - invitasjon til seminar om Erasmus+ Aktiv Ungdom	2014/560
RS 27/14	Innspel til erklæring frå Ungdommens fylkesutval	2014/560
RS 28/14	Angåande informasjonspakke til UFU	2014/560
PS 39/14	Arbeidsform hausten 2014	2014/560
PS 40/14	Dato for helgemøtar til hausten 2014	2014/560
PS 41/14	Møte med fylkesordførar	2014/560
PS 42/14	Observatørar på Ungdommens fylkesting i Troms	2014/560
PS 43/14	Invitasjon til nettverkssamlinga 25.-26. oktober	2014/560
PS 44/14	Ymse	

## **PS 35/14 Godkjenning av innkalling**

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.05.2014**

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek at innkalling skal verte sendt ut i ein e-post som er berre til dette, samt at ein påminning vert lagt ut på facebook samtidig.

Ungdommens fylkesutval godkjenner innkallinga.

## **PS 36/14 Godkjenning av sakliste**

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.05.2014**

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjenner sakslista.

## **PS 37/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.05.2014**

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjenner møteboka frå 30.04.2014.

## **PS 38/14 Referatsaker (Meldingar)**

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.05.2014**

*RS 19/14 Ungdommens planprogram – framdrift per 30.04.2014:* Ungdommens fylkesutval gjekk igjennom framdriftsplanen og diskuterte tiltak. Leiar Agnes H. Bernes skal delta på det første møtet til desisjonskomiteen og vil rapportere tilbake på neste utvalsmøte.

*RS 21/14 Oversikt over større sakar til politisk behandling 2014:* Ungdommens fylkesutval reagerer på at lista ikkje vert betre oppdatert og følar at veldig mykje er likt frå månad til månad. Agnes H. Bernes minste Kultur og ressurs på at innspel til Folkehelseplanen skal sendast inn til hausten. Denne uttala kan ein skrive allereie nå om ein har tid.

*RS 22/14 Oppdatert kontaktinformasjon til ungdomsråda:* Ungdommens fylkesutval spilte inn at dei hadde oppdatert ein versjon under helgemøtet, blant anna ved å ringe rundt.

*RS 23/14 Justering av tilbodsstruktur 2014/15 etter prognoseinntaket:* Ungdommens fylkesutval skulle få ein orientering om dette emnet, men grunna misforståing vart orienteringa ikkje gjennomført. Målet med orienteringa var å gje utvalsmedlemane ein innføring i tilbodsstrukturen før ein større sak kjem opp i november.

*RS 26/14 Ungdom ut i Europa – invitasjon til seminar:* Dette er eit seminar der ein får høyre meir om korleis ein kan dra på utvekslingar for å lære meir om eit tema. Eit forslag var at det kan vere aktuelt for Eigen organisasjon å samarbeide med UFU i Oslo for å lære meir om Ungdommens storting. Til dømes i Tyskland der dei har eit vel fungerande Ungdommens storting, eller tilsvarande. Seminaret er lagt opp til både dagtid, 3. juni) og kveldstid (2. juni) slik at ein kan velje det som passar best.

*RS 27/14 Innspel til erklæring frå Ungdommens fylkesutval:* Agnes H. Bernes møtte Martin og Asbjørn frå Ungdommens bystyre i Bergen for å laga eit utkast til ein erklæring frå ungdom i Hordaland.

*RS 28/14 Angåande informasjonspakke til UFU:* Ungdommens fylkesutval ønskjer eit samarbeid med kommunikasjonsavdelinga angåande ein informasjonspakke. Utvalet såg og på den nye heimesida som er laga, og det vart diskutert å ta bileter på siste møte før sommaren som kan verte brukt på heimesida og informasjonspakka.

## Vedtak

*RS 21/14 Oversikt over større sakar til politisk behandling 2014:* Ungdommens fylkesutval vedtek at Senterstrukturplanen vert sendt ut i papir til alle medlemane og at Regional kulturplan vert sendt ut i papir til Kultur og ressurs, samt leiar og nestleiar. Agnes H. Bernes skriv eit utkast til senterstrukturplanen, med hjelp frå Gard Johanson, som vert presentert på møtet 11. juni.

*RS 22/14 Oppdatert kontaktinformasjon til ungdomsråda:* Ungdommens fylkesutval vedtok at administrasjonen skal oppdatere kontaktinformasjonen med innspela frå helgemøtet.

*RS 23/14 Justering av tilbodsstruktur 2014/15 etter prognoseinntaket:* Ungdommens fylkesutval vedtek å be om ein orientering om dette emnet til hausten slik at det er friskt i minnet når saka kjem opp.

*RS 26/14 Ungdom ut i Europa – invitasjon til seminar:* Ungdommens fylkesutval vedtek at alle som ønskjer det kan delta på seminaret Ungdom i Europa. Påmelding skjer via administrasjonen eller direkte til dei som er ansvarlege for seminaret.

*RS 27/14 Innspel til erklæring frå Ungdommens fylkesutval:* Ungdommens fylkesutval vedtok å leggje ved erklæringa som referatsak på neste møte, samt å sende den endelige erklæringa til fylkesutvalet og fylkestinget. Det er viktig at så mange som mogleg kjem til Alltinget 31. mai. Ungdommens fylkesutval vedtok at program, utkast til erklæring og invitasjon til fylkestinget skal sendast ut til alle ungdomsråd og leggast ut på facebook-sida til Ungdommens fylkesting.

*RS 28/14 Angåande informasjonspakke til UFU:* Ungdommens fylkesutval vedtok at dei nye heimsida skulle verte tekne i bruk snarast, mens ein jobbar med å betre dei områda som treng litt finpuss. Ungdommens fylkesutval vedtok at oversikta over planlagde og ferdige møter skal vere sortert etter dato, ikkje alfabetisk, samt at Ungdommens planprogram vert løfta opp på toppen av sida Aktuelle dokument. Utvalet er veldig nøgd med dei nye sida.

**RS 19/14 Ungdommens planprogram - framdrift per 30.04.14**

**RS 20/14 Oversikt økonomi, per 130514**

**RS 21/14 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr mai**

**RS 22/14 Oppdatert kontaktinformasjon til ungdomsråda**

**RS 23/14 Justering av tilbodstruktur 2014/15 etter prognoseinntaket**

**RS 24/14 Uttale til Kollektivstrategien - frå Ungdommens fylkesutval**

**RS 25/14 Endeleg uttale til rullering av Klimaplanen frå Ungdommens fylkesutval**

**RS 26/14 Ungdom ut i Europa - invitasjon til seminar om Erasmus+ Aktiv Ungdom**

**RS 27/14 Innspel til erklæring frå Ungdommens fylkesutval**

**RS 28/14 Angåande informasjonspakke til UFU**

## **PS 39/14 Arbeidsform hausten 2014**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan tilråing.

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.05.2014**

Emma Gwinell-Franck kjem til å gå på skule i Hong Kong til hausten, Stine Hegdal har søkt på skule i Frankrike og nokre av medlemene møter sjeldan. Dette aukar presset på dei som er igjen og som møter.

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtok å følgje opp saka til neste møte, for å høyre kven som kjem til å delta til hausten. Arbeidsform hausten 2014 vert tatt opp som ein sak på neste møte.

## **PS 40/14 Dato for helgemøtar til hausten 2014**

### **Forslag til vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek slike helgemøter:

1. Møtet 27. august vert flytta til helga 29.-31. august.
2. Møtet 5. november vert flytta til helga 13.-15. november.

Overnatting skjer på Fløksand eller Montana.

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.05.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtok slike helgemøter:

1. Møtet 27. august vert flytta til helga 29.-31. august.
2. Møtet 5. november vert flytta til helga 14.-16. november.

Overnatting skjer på Fløksand i august, men ein sjekkar alternative løysingar i november, blant anna overnatting hos Vegard Kleppe. Det er ein utmaning med internett på Fløksand, og før møtet vil ein sjekke opp moglegheit til å bruke mobilt internett.

## **PS 41/14 Møte med fylkesordførar**

### **Forslag til vedtak**

1. Ungdommens fylkesutval vedtek å be om eit møte mellom leiar og nestleiar og fylkesordførar.
2. Ungdommens fylkesutval vedtek å leggje vekt på følgjande punkt frå Ungdommens planprogram

under møtet.

## **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.05.2014**

### **Vedtak**

1. Ungdommens fylkesutval vedtek å be om eit møte mellom leiar og nestleiar og fylkesordførar, gjerne før sommaren og med fordel på ein onsdag.
2. Ungdommens fylkesutval vedtek å be om at fylkesordførar kjem på eit utvalsmøte til hausten.
3. Ungdommens fylkesutval vedtek å be om tips til korleis dei kan jobbe med sakane i Ungdommens planprogram.

## **PS 42/14 Observatørar på Ungdommens fylkesting i Troms**

### **Forslag til vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende leiar og nestleiar som observatørar til Ungdommens fylkesting i Troms.

## **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.05.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende to observatørar til eit Ungdommens fylkesting. Administrasjonen skal be om informasjon frå Troms, Trøndelag og Nordland til neste møte.

## **PS 43/14 Invitasjon til nettverkssamlinga 25.-26. oktober**

### **Forslag til vedtak**

Invitasjonen vert sendt ut slik den føreligg.

## **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.05.2014**

### **Vedtak**

Invitasjonen til Nettverkssamlinga 2014 vert sendt ut slik den føreligg, både før og etter sommarferien.

## **PS 44/14 Ymse**

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.05.2014**

*Orientering frå LingClim:* Vegard Rivenes presenterte undersøkinga som Universitetet i Bergen har vore ein del av og som har sett på korleis ungdom tolkar språket som vert brukt i Klimaplanen til Hordaland fylkeskommune (det er planen som var føre den som har vore under arbeid nå). Presentasjonen vert sendt ut til alle. Karen Louise Nybø, Klima- og naturressursseksjonen, lurt på om det var ønskjeleg for Ungdommens fylkesutval at ein har eit prosjekt der ein forsøkjer å gjere innhaldet i Klimaplanen meir tilgjengeleg for ungdom.

*Grunnlovsjubileum – middag:* Alle hovudmedlemane i Ungdommens fylkesutval deltok på festmiddagen i samband med grunnlovsjubileet. Leiar Agnes H. Bernes fekk sitte på hovudbordet med blant anna fylkesmannen Lars Sponheim.

*Trainee-ordning:* Hordaland fylkeskommune har ein trainee-ordning der ein ungdom har moglegheit til å følgje fylkesordførar gjennom ein arbeidsveke, eller kortare om det ikkje er mogenleg å vere med ein veke. Alt som trengs er eit brev der du skriv kvifor du ønskjer å delta og kva veke som passar best, om du har nokre ønskjer om det. Tilbodet går først til Ungdommens fylkesutval, og om dei ikkje brukar det går tilbodet vidare. Dette er også ein moglegheit å skape ein god dialog mellom Ungdommens fylkesutval og fylkesordføraren.

*Sommaravslutning:* Det er ønskjeleg med ein sommaravslutning og både grilling og restaurant vart diskutert.

*Sonestrukturen:* Endring i sonestrukturen for kollektivtransport i Hordaland var ein sak på fylkesutvalet 21. mai 2014. Her vart ein sone-modellen presentert med fordelar og ulemper, med fokus på at dette er vanskeleg å gjennomføre. Politikarane i fylkesutvalet bad om ein meir inngående orientering og vedtok

derfor å utsette saka til eit ekstraordinært møte i samband med fylkestinget 11. juni. Ein sone-modell betyr at det vil koste det same for alle reiser i heile fylket. Som fordelar finn ein at det er enkelt, lett forståeleg, effektivt og kan auke bruken av kollektivtransport. Som ein stor ulempe er at det økonomisk er problematisk å dekke inn tapet av billettinntekter, i tillegg til at det er usikkert korleis ein slik endring vil påverke bruken av kollektivtrafikk, slik at ulempene kan vere større enn det ein kan sjå nå. Samt at det vert utmanande å finne eit system for overgang. Slik det er nå vert tida for overgang rekna ut frå den lengste distansen mellom to sonar. Med en sone-modellen vil den tida vere opp mot 10 timer, noko som igjen vil vere negativt med tanke på økonomi.

*Mandatet til Ungdommens fylkesutval i delegasjonsreglementet:* Alle politiske utval i Hordaland fylkeskommune har fått oppgåva sine forklart i delegasjonsreglementet, unntatt dei tre medverknadsorgana. I mandatet til Ungdommens fylkesutval som vart vedteken i desember 2013 stod det at mandatet skulle leggast inn i delegasjonsreglementet. I prosessen valde administrasjonen å bruke same format som for dei andre utvala. Resultatet er at mandatet ser annleis ut enn slik det vart vedteken. Derfor kom det opp i fylkesutvalet 21. mai som ein sak under Endring av delegasjonsreglementet. Alt skal vere likt, berre annleis format. Administrasjonen valde å fremme at Ungdommens fylkesting sjølv skulle ha moglegheit til å endre vedtekta sine, men dette vart ikkje vedteken i fylkesutvalet og innstillinga til fylkestinget vil ikkje innehalde dette.

## Vedtak

*Orientering frå LingClim:* Ungdommens fylkesutval vedtok at dei ønskjer å samarbeide med Hordaland fylkeskommune om å gjere delar eller heile Klimaplanen meir tilgjengeleg for ungdom og ser fram i mot å høyre frå Regionalavdelinga.

*Trainee-ordning:* Ungdommens fylkesutval vedtok at dei som er interessert sendar ein mail til administrasjonen med motivasjonsbrev (kort) og ønskjer om veke.

*Sommaravslutning:* Ungdommens fylkesutval vedtok at Agnes H. Bernes får fullmakt til å avgjøre kva form sommaravslutninga skal ta. Møtet skal vere ferdig til kl 18.

*Sonestrukturen:* Ungdommens fylkesutval vedtok at informasjon vert sendt til Lars Helle Fauske og Olve Akselsen som er ansvarleg for samferdsel og ber dei skrive ein uttale som vert sendt til fylkesordførar.

*Mandatet til Ungdommens fylkesutval i delegasjonsreglementet:* Saka vert lagt som referatsak på neste møte.